



Gloppen kommune

Rådmannen

Mottakarar i følge liste

Vår ref.

18/14267

Dato

01.11.2018

Statens Vegvesen sitt fagmiljø i Nordfjord må styrkast, ikkje byggast ned

Vi syner til pågåande og planlagde omstillingsprosessar i Statens vegvesen, omtalt i statsbudsjettet 2019 (omlegging av trafikant- og køyretøytenester, effektivisering av statlege forvaltingsoppgåver, overføring av vegadministrasjon for fylkesvegnettet til fylkeskommunane).

Statens vegvesen har i dag eit samla fagmiljø på 31 personar knytt til Trafikkstasjonen på Nordfjordeid. Staben er delt inn i ulike tenesteområde, med ulike leiarar som er plassert andre stader i Region Vest eller i Vegdirektoratet. Om lag halvparten arbeider med trafikant- og køyretøytenester, medan den andre halvparten arbeider med forvaltingsoppgåver.

Kommunane og næringslivet i Nordfjord er uroa over at omstillingsprosessane som pågår i statleg regi på vegområdet ser ut til å skje utan nødvendig samordning og heilskap - og i sum vil føre til nedbygging av dagens fagmiljø og tenester i Statens vegvesen i vår region.

Det reagerer vi sterkt på. Nordfjord har frå før få og små statlege forvaltingsmiljø samanlikna med dei fleste andre bu- og arbeidsmarknadsregionar i landet. Nordfjord har heller ikkje fått tilført nye oppgåver og funksjonar gjennom regjeringa sin plan for utflytting av statlege arbeidsplassar.

Vi synst det er påfallande at det no ser ut til at Nordfjord enno ein gong skal råkast negativt av ei statleg omorganisering - i staden for at ein nyttar høvet til å tilføre eit eksisterande, velfungerande statleg fagmiljø i Nordfjord nye funksjonar og oppgåver.

Ei sentralisering av trafikant- og køyretøyretta oppgåver vil også vere negativt for næringslivet. Transportnæringa er stor i Nordfjord, og treng nærleik til dei tenestene dei i dag får på Trafikkstasjonen på Nordfjordeid. Vi ser det som meiningslaust at i ei tid då teknologi gjer desentralisering av tenester enklare enn nokon gong, skal næringslivet i Nordfjord bli påført lenger reisetid, auka kostnader og ei auka miljøbelastning for å få utført tenester som i dag blir gitt lokalt.

Vi reagerer også på at Statens vegvesen allereie har byrja ei "bit-for-bit" nedbygging av tenestene ved trafikkstasjonen på Nordfjordeid - gjennom fjerning av einskildfunksjonar (oppkøyring for tungebil) og reduserte opningstider på Trafikkstasjonen på Nordfjordeid.

Kommunane og næringslivet i Nordfjord krev difor at regjeringa no tek eit samla grep om omorganiseringa av Statens vegvesen med ei oppretthalding og styrking av fagmiljøet i Nordfjord - og ser dette i samheng med mål om:

Adresse

Grandavegen 9, 6823 Sandane

Telefon

57 88 38 00

Org.nr

964 969 124

E-post

post@gloppen.kommune.no

Internett

www.gloppen.kommune.no

- **Balansert lokalisering av statlege arbeidsplassar i ulike bu- og arbeidsmarknads-regionar - med mål om å styrke vekstkraftige regionar som har få statlege forvaltingsmiljø pr i dag**
- **Å nytte Statens vegvesen sin pr i dag desentraliserte struktur og utstrekte bruk av ny teknologi til å lokalisere forvaltingsoppgåver som skal rasjonaliserast ute i distrikts-Noreg, framfor å sentralisere dei til dei største byane**
- **Å tilby næringslivsretta og publikumsretta tenester nært brukarane**
- **Å sikre at ikkje overføringa av vegadministrasjon frå Statens vegvesen til fylkeskommunane fører til ein meir sentralisert struktur på fagmiljøa enn i dag - stikk i strid med målet med regionreformen.**

Vi vil også be nye Vestland fylke medverke til at Statens vegvesen sitt eksisterande fagmiljø på Nordfjordeid ikkje blir svekka som følgje av overføring av administrasjonen av fylkesvegnettet. Nye Vestland fylke må både her og på andre område sjå verdien av å sikre og styrke forvaltingsmiljø i fylkeskommunal regi også i den nordlegaste bu- og arbeidsmarknadsregionen i det nye fylket.

Denne uttalen vart samrøystes vedteken på møte i Gloppen kommunestyre den 31. oktober i år.

Vennleg helsing

Jan Kåre Fure
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til

Leidulf Gloppestad
Nordfjordrådet
Statens vegvesen

Region vest

Mottakarar

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Samferdsledepartementet
Sogn og Fjordane fylkeskommune